



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Utval for helse og skule	10.12.2007	013/07	HV

Saksansvarleg: Helge Vreim

Arkiv: K2-B11, K3-&amp;00

Arkivsnr.: 07/824

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

## ENDRING AV BARNEHAGELOVA

**Vedlegg:** Høyringsbrev fra departementet

Høringsnotat om utkast til endring i lov 17. juni 2005 om barnehager.

**Saksomtale:** Rådmannen viser til vedlegga., og vil særleg peike på nokre område som er viktige når det gjeld Bø kommune.

### Generelt:

Bø kommune meiner at tida nå er ikke til å lovfeste retten til barnehageplass. Ikkje berre dei føresette sine behov for trygg oppvekst for barna sine, men i like stor grad den retten det einskilde barnet har til å få utvikla sine evner og talent på ein best mogeleg måte, er grunnlaget for at denne retten nå bør lovfestast. Samstundes har ein kome så langt i utbygging av barnehagetilbod at retten vil vere reell.

### Kap. 3: Lovfesta rett til barnehageplass.

Vi seier oss samde i at ein i første omgang bør definere retten til å gjelde dei som har fylt 1 år ved oppstart kvart år. Det må likevel vere eit mål at ein relativt snart kan utvikle retten vidare ved å stille krav om to opptak pr. år, slik at ulempa ved å vere født like etter tidspunkt for oppstart blir mindre.

Vi er og samde i at retten i hovudsak bør vere knytt til eigen kommune, men at det bør vere greitt også å inngå avtalar kommunar imellom om barnehagetilbod i den andre kommunen dersom folk ønskjer det og geografien tilseier det.

Det er naturleg at søkjaren sine behov er utgangspunktet for retten, og at det difor både bør vere tilbod på deltid og heiltid. Dersom det er alternative barnehagetilbod i kommunen, vil også særskilde ønskje om å få plass der bli lagt vekt på. Det naturlege er at ein i samband med opptak har klagerett som forvaltningsklage.

Ein bør vidareføre dagens situasjon når det gjeld prioritet til barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter barnevårnlova § 4, punkta 12 og 4.

Eit viktig verkemiddel for å sikre barn likeverdig handsaming er å vidareføre prinsippet om samordna opptak. Etter vår meining bør det og i loven gå klart fram at det i samband med samordna opptak er kommunen som har mynde til å ta avgjerd der det ikkje er semje. Med utgangspunkt i at det er kommunen som skal sikre det einskilde barnet sin rett til eit godt barnehagetilbod, vil dette vere både naturleg og naudsynt.

#### **Kap. 4: Øyremerka tilbod inn i rammetilskotet frå 2009.**

Det er prinsipielt rett at kommunen skal ha det fulle og heile ansvaret for barnehagetilboden, og difor bør og hovuddelen av finansieringa gå inn i rammetilskotet. Det føreset likevel at den einskilde kommunen har eit økonomisk grunnlag som er godt nok i høve til både å ta vare på og å vidareutvikle barnehagetilboden sitt, utan å måtte gjera drastiske tiltak i andre tenester.

Ein viktig føresetnad når det gjeld barnehagefinansiering i rammetilskotet er at det kriteriesystemet som ligg til grunn også gjev reell finansiering i høve til behovet for barnehagetilbod i den einskilde kommunen.

Ein kan nemne følgjande tilhøve som har innverknad på barnehagetilboden, enten i høve til kor mange som vil bruke det eller i kor stor grad det er tale om heildagstilbod.

- \* Andelen barn i barnehage
- \* Kor stor del av kvinnene i desse aldersgruppene som er yrkesaktive.
- \* Utdanningsnivået i kommunen.
- \* Arbeidsmarknaden i kommunen
- \* Pendlingsmønsteret

I tillegg blir det viktig at kommunar som har store institusjonar der unge menneske oppheld seg utan å vere folkeregisterførte i kommunen, som til dømes ein stor høgskule, får kompensasjon for det barnehagebehovet dette skaper.

Vi vil og peike på nokre område der tilsot frå staten framleis må vere øyremerka

- \* Eigene midlar til kompetanseutviklingstiltak for personalgruppene
- \* Midlar til barn med særskilde behov. Dette er svert tidleg i livsløpet. og inntektssystemet fangar ikkje dette opp tidleg nok.

#### **Kap. 5: Finansiering av ikkjekommunale barnehagar.**

Det er viktig at det er det kommunale skjønn som skal avgjera om ikkjekommunale barnehagetilbod som vert planlagt etter 2009 skal ha kommunalt tilskot. Ei vurdering av eksisterande tilbod, både når det gjeld kvantitet og mangfold må leggjast til grunn.

Når det gjeld utmålinga av det kommunale tilskotet, så meiner vi at det her er naudsynt med eit nasjonalt regelverk som definerer kva "likeverdig handsaming" skal innebere. I utgangspunktet ser det enklast ut med ein fast prosentsats, men dette føreset at ein har klarlagt presist og eintydig kva for faktorar som skal reknast inn i kostnadsomgrepet.

#### **Kap. 6: Innhenting av naudsynte data.**

Vi støttar framlegga i høyringsutkastet.

**Rådmannen** Bø kommune vil gje ei høyringsuttale i samsvar med saksutgreiinga.  
**tilrår:**

**HS-013/07**

**Vedtak:** \_\_\_\_\_

Som tilrådinga frå rådmannen. **Samrøystes.**

**Rett utskrift**

**Dato:** **Kopi til:**  
Helge Vreim